

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, fylkeshuset, Bergen
Dato: 20.10.2016
Tidspunkt: 11.00 - 14.10

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Anne Gine Hestetun	Fylkesordfører	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	
Pål Kårbø	Fylkesvaraordfører	KrF	
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Helge Nævdal	Medlem	A
Terje Søviknes	Medlem	Frp
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG
Anne-Beth Njærheim	Medlem	V

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Parti
Synnøve Solbakken	Helge Nævdal	A
Renate Møgster Klepsvik	Terje Søviknes	Frp
Natalie Golis	Tom Sverre Tomren	MDG
Geir Kjell Andersland	Anne-Beth Njærheim	V

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Arne Åsan	Fylkestannlege
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Dianne Kilvær	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 238/16	Godkjenning møteinnkalling		
PS 239/16	Godkjenning møtebok førre møte		
PS 240/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 149/16	Bymiljøavtale for Bergen - status for arbeidet	2014/54	
RS 150/16	Opsjonsvurderingar transportkontraktar	2015/6769	
RS 151/16	Hordaland som eitt løyvedistrikt og miljøkrav til drosjebilar i løyvedistriktet	2016/6087	
RS 152/16	Uttale - nytt avtaleregime for bompengesektoren	2016/5903	
RS 153/16	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. oktober 2016	2015/10348	
RS 154/16	Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 – pr. oktober	2015/10845	
RS 155/16	Svar på oversyn over småkraftverk	2016/3740	
RS 156/16	Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram frå næringsutvikling i Hordaland pr. 30.09.2016	2014/10180	
RS 157/16	Planrapport 2015 - regional og kommunal planlegging i Hordaland - orientering	2016/9629	
RS 158/16	Orientering om framlegg til Statsbudsjettet 2017 - Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk - førebels rammer	2016/10535	
RS 159/16	Vidareføring og styrking av utvalde tenester frå Business Region Bergen	2016/10482	
RS 160/16	International Newsletter 01/16	2014/19660	
RS 161/16	Regionalt europapolitisk arbeid - innspill til UD	2016/10180	
RS 162/16	Holmestova på Ståvetunet - Holmeknappen 19 - gnr 10 bnr 65 - Meland kommune - Erklæring om freding av automatisk freda byggverk med sikringssone	2016/8458	
RS 163/16	Litun - gnr 35 bnr 1 - Osterøy kommune - Erklæring om automatisk freda byggverk	2016/8461	
RS 164/16	Svar til FUV – Hordaland Barne- og Ungdomsråd	2014/986	
PS 241/16	Delegerte saker		
DS 7/16	Låneopptak 2016 - II	2016/2314	
PS 242/16	Høyringsuttale - NOU 2016:4 Forslag til ny kommunelov	2016/3932	
PS 243/16	Høyringsuttale NOU 2016/7 - Norge i omstilling. Karriereveiledning for individ og samfunn.	2016/7805	
PS 244/16	Gjennomgang av ulike løp innan fagopplæring	2016/4851	
PS 245/16	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – budsjettfordeling nr.2 – 2016	2016/2297	
PS 246/16	Utleige av grunn - Stend vgs	2014/11856	
PS 247/16	Høyringsfråsegn - forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlinger ved offentlige anskaffelser	2016/416	
PS 248/16	Organisering av framtidig tannhelsetilbod i Etne kommune (Hordaland) og Vindafjord kommune (Rogaland)	2014/19439	

PS 249/16	Planar for bybåtsambanda og turistrute Hardanger	2014/278	
PS 250/16	Oppfølging av miljøstrategi for Skyss	2014/278	
PS 251/16	Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte	2014/11957	
PS 252/16	Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen. Strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal. Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune	2016/5123	
PS 253/16	Val av nytt jurymedlem til juryen i Årets hordalending i perioden 2016-2019	2016/9374	
PS 254/16	Høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune - Forslag til ny forskrift om tilskot til klimatiltak i kommunane	2016/6609	
PS 255/16	Saksframlegg Fylkesutvalet 09.16 Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020	2015/248	
PS 256/16	Høyring av forslag til regelverk for å implementere nytt system for kapasitetsjustering i laks- og aureoppdrett	2016/6741	
PS 257/16	Søknad med konsekvensutgreiing for Løkjelsvatn kraftverk i Etne kommune. Fråsegn	2016/7151	
PS 258/16	Ymse		
PS 259/16	Nye ferjekontraktar - Tildeling rutepakke 1	2014/19309	U.off.

PS 238/16 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Fylkesordføraren opplyste at følgjande vart ettersendt til fylkesutvalet:

- PS 259 Nye ferjekontraktar - Tildeling rutepakke 1
- RS 164 Svar til FUV – Hordaland Barne- og Ungdomsråd
- Innstillingane frå utval for kultur, idrett og regional utvikling sitt møte 12.10.2016
- Korrigert formulering i saksframlegget for PS 255/16

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 239/16 Godkjenning møtebok førre møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 04.10.2016 vart godkjend utan merknader.

PS 240/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

I samband med RS 149/16 «Bymiljøavtale for Bergen - status for arbeidet» etterspurde **Mona Røsvik Strømme** informasjon frå møte som var halde sist fredag. Fylkesordføraren orienterte frå møtet med statssekretær Tom-Christer Nilsen i Samferdselsdepartementet.

I samband med RS 164/16 «Svar til FUV – Hordaland Barne- og Ungdomsråd» (HBUR) påpeikte **Pål Kårbø (KrF)** at det er viktig at HBUR nyttar mest mogleg ressursar til aktivitet.

PS 241/16 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Delegert sak 7/16 vart referert.

PS 242/16 Høyringsuttale - NOU 2016:4 Forslag til ny kommunelov

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar lovforslaget til ny kommunelov med dei merknadane som kjem fram i saksframlegget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«(a) § 7-7 Avtaleval, § 7-8 Fleirtalsval

«Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare skal bestå av medlemmer av kommunestyret eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg ved folkevalgte organer, skal reglene i tredje og fjerde ledd følges hvis det er mulig.»

Fylkesutvalet i Hordaland påpeikar at befolkninga består av halvparten kvinner og halvparten menn og at det difor er mogeleg med lik kjønnsrepresentasjon til fylkesutval og formannskap. Setninga: *«hvis det er mulig»* strykast.

(b) § 8-3 Utvida innsynsrett og teieplikt for folkevalde

Fylkesutvalet i Hordaland er til liks med utvalet oppteken av at ein open og transparent kommune bidreg til at dei folkevalde og innbyggjarane kan følgja med på og kontrollera kommunen si verksemd. Det bidreg til styrkja lokaldemokrati og tillit. Fylkesutvalet støttar utvalet sitt forslag om å lovfesta eit utvida høve for dei folkevalde organa sin rett til innsyn i administrasjonen sine dokument.

Fylkesutvalet er uroa for at teieplikta som utvalet vil påleggja dei folkevalde ved utvida innsynsrett i dokument som er unnateke frå offentlegheit etter offentleglova, og som kommunen har bestemt at det ikkje skal gjevast innsyn i, vil ha motsett verknad.

(c) § 12-1 Innbyggjardeltaking

Fylkesutvalet støttar ikkje forslaget om å firedoble kravet til underskrifter som krevst for å reise eit innbyggjarinitiativ i ein kommune frå to til åtte prosent. Ei heving av kravet til underskrifter vil etter fylkesutvalet si vurdering vere ei unødvendig innskrenking i innbyggjarane sine demokratiske rettar.»

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag:

«(a) Formålsparagraf

Det vert synt til §1 Lova sitt formål. I fleirtalet sitt forslag til lovtekst er omgrepet folkestyre teke ut av lovteksten og ein fokuserar på sjølvstyrte kommunar.

Det vert føreslått å vidareføra dagens formålsparagraf der folkestyre er hovudfokus og at mindretalet si innstilling til formålsparagraf vert gjort gjeldane.

(b) Folkevalt - definisjon

I kapittel 5, § 5-1 vert innhaldet i definisjonen folkevalt svekka fordi også «andre personar» som er valt inn i eit folkevalt organ vert definert som folkevalt. Forslaget om å utvida definisjonen av «folkevalt» til også å gjelda «andre personar» som et folkevalt organ har valt inn i et «folkevalt organ» vert ikkje støtta. Ein ber om at det vert utforma ein klar lovtekst om at folkevalde kun er dei som vert valt som representant eller som vara til kommunestyre eller fylkesting.

(c) Kommunale føretak

Forslaget om at kommunestyre- og fylkestingsrepresentantar og vararepresentantar ikkje kan bli styremedlemmer i kommunale føretak vert ikkje støtta.

Kommunar er ikkje-kommersielle forvaltingsorgan som skal ivareta innbyggjarar og næringsliv. Det er uproblematisk at styremedlemmane i kommunale føretak vert valde av og blant kommunestyret/fylkestinget sine medlemmer. Det kan tvert om vera ein fordel for ei heilskapleg styring. Spørsmål om habilitet kan handterast frå sak til sak etter gjeldande habilitetsreglar.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Oen sitt forslag (a) fekk 8 røyster (SV, A, MDG, Sp) og vart vedteke.

Oen sitt forslag (b) vart vedteke mot 2 røyster (H).

Oen sitt forslag (c) fekk 10 røyster (SV, A, V, MDG, KrF, Sp) og vart vedteke.

Kvamme sitt forslag (a) vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Kvamme sitt forslag (b) vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Kvamme sitt forslag (c) fekk 9 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG) og vart vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar lovforslaget til ny kommunelov med følgjande endringar:

§ 7-7 Avtaleval, § 7-8 Fleirtalsval

«Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare skal bestå av medlemmer av kommunestyret eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg ved folkevalgte organer, skal reglene i tredje og fjerde ledd følges hvis det er mulig.»

Fylkesutvalet i Hordaland påpeikar at befolkninga består av halvparten kvinner og halvparten menn og at det difor er mogeleg med lik kjønnsrepresentasjon til fylkesutval og formannskap. Setninga: *«hvis det er mulig»* strykast.

§ 8-3 Utvida innsynsrett og teieplikt for folkevalde

Fylkesutvalet i Hordaland er til liks med utvalet oppteken av at ein open og transparent kommune bidreg til at dei folkevalde og innbyggjarane kan følgja med på og kontrollera kommunen si verksemd. Det bidreg til styrkja lokaldemokrati og tillit. Fylkesutvalet støttar utvalet sitt forslag om å lovfesta eit utvida høve for dei folkevalde organa sin rett til innsyn i administrasjonen sine dokument.

Fylkesutvalet er uroa for at teieplikta som utvalet vil påleggja dei folkevalde ved utvida innsynsrett i dokument som er unnateke frå offentlegheit etter offentleglova, og som kommunen har bestemt at det ikkje skal gjevast innsyn i, vil ha motsett verknad.

§ 12-1 Innbyggjardeltaking

Fylkesutvalet støttar ikkje forslaget om å firedoble kravet til underskrifter som krevst for å reise eit innbyggjarinitiativ i ein kommune frå to til åtte prosent. Ei heving av kravet til underskrifter vil etter fylkesutvalet si vurdering vere ei unødvendig innskrenking i innbyggjarane sine demokratiske rettar.

Formålsparagraf

Det vert synt til §1 Lova sitt formål. I fleirtalet sitt forslag til lovtekst er omgrepet folkestyre teke ut av lovteksten og ein fokuserar på sjølvstyrte kommunar.

Det vert føreslått å vidareføra dagens formålsparagraf der folkestyre er hovudfokus og at mindretalet si innstilling til formålsparagraf vert gjort gjeldane.

Folkevalt - definisjon

I kapittel 5, § 5-1 vert innhaldet i definisjonen folkevalt svekka fordi også «andre personar» som er valt inn i eit folkevalt organ vert definert som folkevalt. Forslaget om å utvida definisjonen av «folkevalt» til også å gjelda «andre personar» som et folkevalt organ har valt inn i et «folkevalt organ» vert ikkje støtta. Ein ber om at det vert utforma ein klar lovtekst om at folkevalde kun er dei som vert valt som representant eller som vara til kommunestyre eller fylkesting.

Kommunale føretak

Forslaget om at kommunestyre- og fylkestingsrepresentantar og vararepresentantar ikkje kan bli styremedlemmer i kommunale føretak vert ikkje støtta.

Kommunar er ikkje-kommersielle forvaltingsorgan som skal ivareta innbyggjarar og næringsliv. Det er uproblematisk at styremedlemmane i kommunale føretak vert valde av og blant kommunestyret/fylkestinget sine medlemmer. Det kan tvert om vera ein fordel for ei heilskapleg styring. Spørsmål om habilitet kan handterast frå sak til sak etter gjeldande habilitetsreglar.

PS 243/16 Høyringsuttale NOU 2016/7 - Norge i omstilling. Karriereveiledning for individ og samfunn.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sine tilrådingar med dei presiseringane som er haldne fram i svarbrevet.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 28.09.2016

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:

Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sine tilrådingar med dei presiseringane som er haldne fram i svarbrevet.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.10.2016

Solbjørg Marjala, R, sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

I Hordaland har vi gode erfaringar med trekantsamarbeidet mellom NAV Intro, vidaregåande opplæring og flyktingetenesta. Samarbeidet har gitt konstruktiv karriererettleiing for flyktingar og innvandrarakar, samt gode kvalifiseringstiltak slik som førebuaende helsefagarbeidar for minoritetsspråklege, barnehageteneste og sveisekurs. Denne modellen for samarbeid bør det leggest til rette for og vidareutviklast.»

Røysting

Fylkesrådmannen si innstilling med Marjala sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sine tilrådingar med dei presiseringane som er haldne fram i svarbrevet med slik merknad:

I Hordaland har vi gode erfaringar med trekantsamarbeidet mellom NAV Intro, vidaregåande opplæring og flyktingetenesta. Samarbeidet har gitt konstruktiv karriererettleiing for flyktingar og innvandrarakar, samt gode kvalifiseringstiltak slik som førebuaende helsefagarbeidar for minoritetsspråklege, barnehageteneste og sveisekurs. Denne modellen for samarbeid bør det leggest til rette for og vidareutviklast.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sine tilrådingar med dei presiseringane som er haldne fram i svarbrevet med slik merknad:

I Hordaland har vi gode erfaringar med trekantsamarbeidet mellom NAV Intro, vidaregåande opplæring og flyktningetenesta. Samarbeidet har gitt konstruktiv karrierettleiing for flyktningar og innvandrarar, samt gode kvalifiseringstiltak slik som førebauende helsefagarbeidar for minoritetsspråklege, barnehageteneste og sveisekurs. Denne modellen for samarbeid bør det leggest til rette for og vidareutviklast.

PS 244/16 Gjennomgang av ulike løp innan fagopplæring

Forslag til innstilling

Fylkestinget tilrår ikkje noko endring i måten desse løpa vert gjort kjent for søkjarane på, då dei er godt presentert i søkjarhandboka frå fylkeskommunen som blir sendt ut til elevar og rådgjevarar i grunnskulen.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2016

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:

Fylkestinget tilrår ikkje noko endring i måten desse løpa vert gjort kjent for søkjarane på, då dei er godt presentert i søkjarhandboka frå fylkeskommunen som blir sendt ut til elevar og rådgjevarar i grunnskulen.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.09.2016

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget tilrår ikkje noko endring i måten desse løpa vert gjort kjent for søkjarane på, då dei er godt presentert i søkjarhandboka frå fylkeskommunen som blir sendt ut til elevar og rådgjevarar i grunnskulen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tilrår ikkje noko endring i måten desse løpa vert gjort kjent for søkjarane på, då dei er godt presentert i søkjarhandboka frå fylkeskommunen som blir sendt ut til elevar og rådgjevarar i grunnskulen.

PS 245/16 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – budsjettfordeling nr.2 – 2016

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2016 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Ventilasjon / Inneklima	2 000 000	
10	633.020.00	02301	02148	Slåtthaug vgs. ventilasjon ./varme	1 000 000	
10	777.025.00	02301	00208	Universell Utforming	26 000 000	
10	646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Sveis- og Hydraulikkverkst.		4 000 000
10	777.021.00	02301	03000	Rehab/ombygg/tilbygg		25 000 000
				29 000 000	29 000 000	

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.10.2016

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2016 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Ventilasjon / Inneklima	2 000 000	
10	633.020.00	02301	02148	Slåtthaug vgs. ventilasjon ./varme	1 000 000	
10	777.025.00	02301	00208	Universell Utforming	26 000 0000	
10	646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Sveis- og Hydraulikkverkst.		4 000 000
10	777.021.00	02301	03000	Rehab/ombygg/tilbygg		25 000 000
				29 000 0000	29 000 000	

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2016 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Ventilasjon / Inneklima	2 000 000	
10	633.020.00	02301	02148	Slåtthaug vgs. ventilasjon ./varme	1 000 000	
10	777.025.00	02301	00208	Universell Utforming	26 000 0000	
10	646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Sveis- og Hydraulikkverkst.		4 000 000
10	777.021.00	02301	03000	Rehab/ombygg/tilbygg		25 000 000
				29 000 0000	29 000 000	

PS 246/16 Utleige av grunn - Stend vgs

Forslag til vedtak

1. Leigekontrakt med Norscrap West AS vert godkjent.
2. Leigekontrakt med BIR Avfallsenergi AS vert godkjent.
3. Leigekontrakt med Anleggsgartner Svein Boasson AS vert godkjent.
4. Leigekontrakt med NCC Industry AS vert godkjent.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Leigekontrakt med Norscrap West AS vert godkjent.
2. Leigekontrakt med BIR Avfallsenergi AS vert godkjent.
3. Leigekontrakt med Anleggsgartner Svein Boasson AS vert godkjent.
4. Leigekontrakt med NCC Industry AS vert godkjent.

PS 247/16 Høyringsfråsegn - forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar ved offentlege anskaffelser

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet er positive til forskriftsutkastet, med dei kommentarane som følgjer av saksframstillinga.
2. Vedtaket og saksframstillinga vert sendt Kunnskapsdepartementet som høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet er positiv til forskriftsutkastet, med dei kommentarane som følgjer av saksframstillinga.
2. Vedtaket og saksframstillinga vert sendt Kunnskapsdepartementet som høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune.

PS 248/16 Organisering av framtidig tannhelsetilbod i Etne kommune (Hordaland) og Vindafjord kommune (Rogaland)

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune samarbeider om å etablere ein ny tannklinikk i Ølen. Tannklinikken skal ha kapasitet til å gje eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientar i Etne kommune og i Vindafjord kommune.
2. Etne tannklinikk og Skånevik tannklinikk vert nedlagde når den nye tannklinikken er klar til å tas i bruk.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå nødvendige leige- og driftsavtalar i samarbeid med Rogaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.09.2016

Alexander Fosse Andersen, Sp, sette fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt:

4. Tannpleiar skal besøka sjukeheimen i Skånevik for å vurdera kven som treng tannbehandling hjå tannlege.»

Røysting

Innstillinga med Andersen sitt forslag vart vedteke mot ei røyst (R).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune samarbeider om å etablere ein ny tannklinikk i Ølen. Tannklinikken skal ha kapasitet til å gje eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientar i Etne kommune og i Vindafjord kommune.
2. Etne tannklinikk og Skånevik tannklinikk vert nedlagde når den nye tannklinikken er klar til å tas i bruk.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå nødvendige leige- og driftsavtalar i samarbeid med Rogaland fylkeskommune.
4. Tannpleiar skal besøka sjukeheimen i Skånevik for å vurdera kven som treng tannbehandling hjå tannlege.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, SV, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Saka vert utsett grunna ønskje om ein betre dialog med Etne kommune.

Ein ber fylkesrådmannen få vurdert om ein ny felles tannklinikk for Etne og Vindafjord kan lokaliserast til Etne kommune.

Det vert lagt fram ny sak for fylkesutvalet til møtet den 20. oktober.»

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag:

«Saka vert å ta stilling til etter at Stortinget våren 2017 har vedtatt ny kommunestruktur/ oppgåvefordeling.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Aadland sitt forslag fekk 5 røyster (H, V, MDG) og fall.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett grunna ønskje om ein betre dialog med Etne kommune.

Ein ber fylkesrådmannen få vurdert om ein ny felles tannklinikk for Etne og Vindafjord kan lokaliserast til Etne kommune.

Det vert lagt fram ny sak for fylkesutvalet til møtet den 20. oktober.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag:

«Saka vert å ta stilling til etter at Stortinget våren 2017 har vedtatt ny kommunestruktur/ oppgåvefordeling.»

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett då det er ønskje om å få saka betre belyst.»

Røysting (forslaga om utsetjing)

Aadland sitt forslag fekk 4 røyster (H, V) og fall.

Kvamme sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Vedtak

Saka vert utsett då det er ønskje om å få saka betre belyst.

PS 249/16 Planar for bybåtsambanda og turistrute Hardanger

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar orienteringa om overordna planar for bybåtsambanda og Turistrute Hardanger til orientering.
2. Fylkesutvalet er positive til auka kapasitet på sambandet mellom Bergen og Askøy frå 2018.
3. Fylkesutvalet ber om å få lagt fram sak om strategiske vegval for bybåtsambanda Kleppestø – Strandkaien og Knarvik – Frekhaug – Bergen i forkant av utlysing av ny langsiktig kontrakt på desse sambanda. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve og økonomi.
4. Fylkestinget ber om å få framlagt sak om strategiske vegval for Turistrute Hardanger i forkant av utlysing av ny kontrakt. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve og økonomi.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016

Geir Angeltveit (V) sette fram forslag til tillegg til pkt 3 og nytt pkt 5.

«Pkt 3. Vurdere kapasitet (...) økonomi og venteromsmfasilitetar for reisande.
Pkt 5. I anboda skal det innarbeidast krav om lærlingeplassar i alle kontraktar.»

Gustav Bahus sette på vegne av FRP, H fram forslag til endring i pkt 3 og 4 der ordet vegval vert erstatta med utvikling.

Røysting

Geir Angeltveit sitt forslag til nytt pkt 5 og endra pkt 3 vart samrøystes vedteke

Gustav Bahus sitt forslag til endringar i pkt 3 fekk 7 røyster (FRP, H, MDG, V) og fall og pkt 4 fekk 2 røyster (FRP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling med tillegget frå Angeltveit vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tar orienteringa om overordna planar for bybåtsambanda og Turistrute Hardanger til orientering.
2. Fylkesutvalet er positiv til auka kapasitet på sambandet mellom Bergen og Askøy frå 2018.
3. Fylkesutvalet ber om å få lagt fram sak om strategiske vegval for bybåtsambanda Kleppestø – Strandkaien og Knarvik – Frekhaug – Bergen i forkant av utlysing av ny langsiktig kontrakt på desse sambanda. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve, økonomi og venteromsmfasilitetar for reisande.
4. Fylkestinget ber om å få framlagt sak om strategiske vegval for Turistrute Hardanger i forkant av utlysing av ny kontrakt. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve og økonomi.
5. I anboda skal det innarbeidast krav om lærlingeplassar i alle kontraktar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slikt forslag:

«Endring i punkt 3 og 4, der ordet vegval vert erstatta med utvikling.»

Røysting

Innstillinga punkt 1, 2 og 5 vart samrøystes vedteken.

Hjemdal sitt forslag punkt 3 fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Innstillinga punkt 3 fekk 9 røyster (MDG, Sp, SV, A, KrF) og vart vedteke.

Hjemdal sitt forslag punkt 4 fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Innstillinga punkt 4 fekk 9 røyster (MDG, Sp, SV, A, KrF) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tar orienteringa om overordna planar for bybåtsambanda og Turistrute Hardanger til orientering.
2. Fylkesutvalet er positive til auka kapasitet på sambandet mellom Bergen og Askøy frå 2018.
3. Fylkesutvalet ber om å få lagt fram sak om strategiske vegval for bybåtsambanda Kleppestø - Strandkaien og Knarvik - Frekhaug - Bergen i forkant av utlysing av ny langsiktig kontrakt på desse sambanda. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve, økonomi og venteromsfasilitetar for reisande.
4. Fylkesutvalet ber om å få framlagt sak om strategiske vegval for Turistrute Hardanger i forkant av utlysing av ny kontrakt. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve og økonomi.
5. I anboda skal det innarbeidast krav om lærlingeplassar i alle kontraktar.

PS 250/16 Oppfølging av miljøstrategi for Skyss

Forslag til innstilling

1. Kollektivstrategien og Miljøstrategi for Skyss gir klare føringar for arbeidet med innfasing av null- og lågutseppsalternativ, etter kvart som dette er mogleg. Framdrift og plan for arbeidet vert knytt til nye anbod.
2. Det skal leggst fram sak om strategiske vegval for bussanbod i Bergensområdet, for vedtak av mellom anna ambisjonsnivå og alternative løysingar for å oppnå betydeleg reduserte utslepp frå kollektivtrafikken.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016

Natalie Golis sette fram forslag til endra pkt 1 innstillinga.

«Kollektivstrategien og Miljøstrategi for Skyss skal gje klare føringar for arbeidet med innføring av null- og lågutseppsalternativ. Heilskapleg plan for arbeidet med ein nullutsleppsstrategi for kollektivtrafikken vert lagt fram for politisk handsaming.»

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag om å stryka ordet «Bergensområdet» i pkt 2.

Røysting

Natalie Golis sitt forslag til endra pkt 1 vart vedteke med 8 røyster (MDG, H, FRP, V, SV).

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til endring i pkt 2 fekk 4 røyster (H, FRP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 2 vart vedteke mot 4 røyster (H, FRP).

Innstilling

1. Kollektivstrategien og Miljøstrategi for Skyss skal gje klare føringar for arbeidet med innføring av null- og lågutseppsalternativ. Heilskapleg plan for arbeidet med ein nullutsleppsstrategi for kollektivtrafikken vert lagt fram for politisk handsaming. Framdrift og plan for arbeidet vert knytt til nye anbod.
2. Det skal leggst fram sak om strategiske vegval for bussanbod i Bergensområdet, for vedtak av mellom anna ambisjonsnivå og alternative løysingar for å oppnå betydeleg reduserte utslepp frå kollektivtrafikken.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Fylkesordføreren gjorde merksam på at siste setning i innstillinga punkt 1 var kome med ved ein inkurie. Setninga skal strykast.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Kollektivstrategien og Miljøstrategi for Skyss skal gje klare føringar for arbeidet med innføring av null- og lågutsleppsalternativ. Heilskapleg plan for arbeidet med ein nullutsleppsstrategi for kollektivtrafikken vert lagt fram for politisk handsaming.
2. Det skal leggst fram sak om strategiske vegval for bussanbod i Bergensområdet, for vedtak av mellom anna ambisjonsnivå og alternative løysingar for å oppnå betydeleg reduserte utslepp frå kollektivtrafikken.

PS 251/16 Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr. 130 000 til Odda Vegfinans AS i driftsstøtte for 2016
Budsjettet for 2016 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700	Ymse tilskott aukar med kr. 130 000
Konto 10 300 290 00 14700	Til rådevelde for MISA går ned med kr. 130 000

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016

Nils T. Bjørke sette fram forslag om tillegg til innstillinga.

«Utvalet for miljø og samferdsel ber om å få ei sak om framtidig finansiering og drift av selskapet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 4 røyster (FRP, MDG, SV).
Nils T. Bjørke sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet løyver kr. 130 000 til Odda Vegfinans AS i driftsstøtte for 2016.
Utvalet for miljø og samferdsel ber om å få ei sak om framtidig finansiering og drift av selskapet.

Budsjettet for 2016 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700	Ymse tilskott aukar med kr. 130 000
Konto 10 300 290 00 14700	Til rådevelde for MISA går ned med kr. 130 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Benthe Bondhus (Sp) stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er styremedlem i Odda Vegfinans AS. Bondhus gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Benthe Bondhus var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr. 130 000 til Odda Vegfinans AS i driftsstøtte for 2016.

Fylkesutvalet ber om å få ei sak om framtidig finansiering og drift av selskapet.

Budsjettet for 2016 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700	Ymse tilskott aukar med	kr. 130 000
Konto 10 300 290 00 14700	Til rådevelde for MISA går ned med	kr. 130 000

PS 252/16 Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen. Strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal. Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til Jernbaneverket sitt framlegg til *Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen, strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal*.
2. Fylkesutvalet ser at kommunar og fylke er utelatt i kart, billedtekst og anna referanse. Slik informasjon bør kome med i den endelege versjonen. Det vil gjere planen lettare tilgjengeleg og søkbar.
3. Hordaland fylkeskommune ser at det er utfordringar knytt til berekraftig bruk av vegen, og meiner det kan vere grunnlag for innhenting av årlege tal for motorløyve og sykkelbruk, slik at mellom anna vedlikehald, slitasje og verknad for villrein kan studerast over tid.
4. Hordaland fylkeskommune vil understreke behovet for ein aktiv strategi for å engasjere samarbeidspartnarar.
5. En legg til grunn at Rallarvegen er staten sin eigedom og økonomiske ansvar.
6. Rallarvegrådet sine oppgåver og innhald må sjåast nærare på, slik at det vert klårt kva oppgåver og rolle rådet skal/kan ha med omsyn til planarbeid og oppfølging av planane.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.10.2016

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til Jernbaneverket sitt framlegg til *Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen, strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal*.
2. Fylkesutvalet ser at kommunar og fylke er utelate i kart, bilettekst og annan referanse. Slik informasjon bør kome med i den endelege versjonen. Det vil gjere planen lettare tilgjengeleg og søkbar.
3. Hordaland fylkeskommune ser at det er utfordringar knytt til berekraftig bruk av vegen, og meiner det kan vere grunnlag for innhenting av årlege tal for motorløyve og sykkelbruk, slik at mellom anna vedlikehald, slitasje og verknad for villrein kan studerast over tid.
4. Hordaland fylkeskommune vil understreke behovet for ein aktiv strategi for å engasjere samarbeidspartnarar.
5. En legg til grunn at Rallarvegen er staten sin eigedom og økonomiske ansvar.
6. Rallarvegrådet sine oppgåver og innhald må sjåast nærare på, slik at det vert klårt kva oppgåver og

rolle rådet skal/kan ha med omsyn til planarbeid og oppfølging av planane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til Jernbaneverket sitt framlegg til *Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen, strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal*.
2. Fylkesutvalet ser at kommunar og fylke er utelate i kart, bilettekst og annan referanse. Slik informasjon bør kome med i den endelege versjonen. Det vil gjere planen lettare tilgjengeleg og søkbar.
3. Hordaland fylkeskommune ser at det er utfordringar knytt til berekraftig bruk av vegen, og meiner det kan vere grunnlag for innhenting av årlege tal for motorløyve og sykkelbruk, slik at mellom anna vedlikehald, slitasje og verknad for villrein kan studerast over tid.
4. Hordaland fylkeskommune vil understreke behovet for ein aktiv strategi for å engasjere samarbeidspartnarar.
5. En legg til grunn at Rallarvegen er staten sin eigedom og økonomiske ansvar.
6. Rallarvegrådet sine oppgåver og innhald må sjåast nærare på, slik at det vert klårt kva oppgåver og rolle rådet skal/kan ha med omsyn til planarbeid og oppfølging av planane.

PS 253/16 Val av nytt jurymedlem til juryen i Årets hordalending i perioden 2016-2019

Forslag til vedtak

Til juryen for prisen «Årets Hordalending» for perioden 2016-2019, oppnemner fylkesutvalet følgande medlem
.....

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Silja Ekeland Bjørkly (H) gjorde framlegg om Mona Røsvik Strømme som medlem i juryen for prisen «Årets Hordalending».

Røysting

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Til juryen for prisen «Årets Hordalending» for perioden 2016-2019, oppnemner fylkesutvalet følgjande medlem:
Mona Røsvik Strømme.

PS 254/16 Høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune - Forslag til ny forskrift om tilskot til klimatiltak i kommunane

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til forskriftsutkastet.
2. Hordaland fylkeskommune ber Miljødirektoratet vurdere ein ny tiltakstype «Førebuing av utsleppsfri kollektivtrafikk» med ramme som for «Klimavenleg areal- og transportplanlegging» som satsingsområde i neste utlysing.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til forskriftsutkastet.
2. Hordaland fylkeskommune ber Miljødirektoratet vurdere ein ny tiltakstype «Førebuing av utsleppsfri kollektivtrafikk» med ramme som for «Klimavenleg areal- og transportplanlegging» som satsingsområde i neste utlysing.

PS 255/16 Saksframlegg Fylkesutvalet 09.16 Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik han ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.
3. Måla i «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» blir innarbeidd i den eksisterande Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Alternativ framlegg:
Saken utsettes til fylkesutvalget er kjent med Bergen kommune sin uttale i saken.»

Tomren trekte forslaget sitt.

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, MDG og Sp fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet ber om at saka vert sendt attende til utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling før den vert behandla i fylkesutvalet.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Oen sitt forslag fekk 12 røyster (SV, A, Sp, MDG, V, H) og vart vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet ber om at saka vert sendt attende til utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling før den vert behandla i fylkesutvalet.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016

Grunna kort frist frå utsending av sakspapir til realitetshandsaming (1 dag) ber utvalet for miljø og samferdsel om at saka blir sett på dagsorden i møte i utvalet 3.november 2016. Det bør leggjast opp til at administrasjonen går gjennom saka på møte den 3.november.

Utvalet ber om at vidare sakshandsaming blir tidfesta til etter at utvalet har gjennomført si realitetshandsaming.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.10.2016

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Landstraum må minimum leverast til cruisebåtane ved Bergen kai innan 2020.

Grunngjeving:

- Landstraum er tema i Klimaplan for Hordaland 2016-2020, der det heiter at : «Innan 2020 skal landstraum vere eit tilbod ved kai i Bergen sentrum.»
- Bergen bystyre har nyleg vedtatt Grønn strategi, der det heiter at: «Bergen skal tilby landstrøm til alle skip innan 2020.»»

Kjell Håland trekte forslaget sitt.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik han ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.
3. Måla i «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» blir innarbeidd i den eksisterande Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til utval for miljø og samferdsel har behandla saka.»

Røysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til utval for miljø og samferdsel har behandla saka.

PS 256/16 Høyring av forslag til regelverk for å implementere nytt system for kapasitetsjustering i laks- og aureoppdrett

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar innføring av system som styrar mengde lakse- og aureproduksjon i høve til miljøet si berekraft.
2. Hordaland fylkeskommune føreset at modellen som dannar grunnlag for kapasitetsjusteringane er ferdig utvikla og verifisert før systemet vert innført. Vidare at nye system ikkje unødige aukar kompleksiteten i sakshandsaminga.
3. Hordaland fylkeskommune føreset at systemet ikkje kollektivt skal straffe einskildaktørar som produserer berekraftig i tråd med gjeldande regelverk.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som naturleg at fylkeskommunane fører register og skriver ut løyve til plassering i produksjonsområda på same vis som det vert gjort i samband med lokalitetsklarering etter dagens system.

5. I Hordaland vert fire anlegg ved Sollsviksundet foreslått fjerna. Om dette vert gjennomført må eventuelle tap kompenseras.
6. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra i drøfting om grensesetting for produksjonssonene. Vi kan ikkje tilrå produksjonsområde 2 og 3 slik dei er skildra i høyringsnotatet.
7. Hordaland fylkeskommune stør framlegget om oppheving av dei særskilte reglane for Hardangerfjorden i laksetildelingsforskrifta § 37a.
8. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om oppheving av taket på tal lokalitetar som kan knytast til eit løyve.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 7:

Hordaland fylkeskommune vil tilrå at dei særskilde reglane for Hardangerfjorden vert oppretthaldne til ein ser om det nye regelverket verkar etter målsetjinga.»

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

For å nå mål om berekraft og for å ivareta miljøet ber Hordaland fylkeskommune om at det vert teke naudsynte grep og stilt klare krav til oppdrettsnæringa om bruk av lukka anlegg eller andre teknologiske løysingar som eliminerer utfordringane knytt til lakselus. Det må stillast krav om at all form for vidare vekst må ta i bruk slik teknologi og det må på plass ein framdriftsplan med tidsfristar for å fase all eksisterande produksjon over i slike anlegg.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag (tillegg punkt 1) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2, 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 6 vart vedteke mot 2 røyster (SV, MDG).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 7 fekk 7 røyster (H, Frp, Sp og KrF) og fall.

Kvamme sitt forslag (alternativt punkt 7) fekk 8 røyster (A, SV, MDG, V,) og vart vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, V, Frp og H) og vart vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar innføring av system som styrar mengde lakse- og aureproduksjon i høve til miljøet si berekraft.
2. Hordaland fylkeskommune føreset at modellen som dannar grunnlag for kapasitetsjusteringane er ferdig utvikla og verifisert før systemet vert innført. Vidare at nye system ikkje unødig aukar kompleksiteten i sakshandsaminga.
3. Hordaland fylkeskommune føreset at systemet ikkje kollektivt skal straffe einskildaktørar som produserer berekraftig i tråd med gjeldande regelverk.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som naturleg at fylkeskommunane fører register og skriver ut løyve til plassering i produksjonsområda på same vis som det vert gjort i samband med lokalitetsklarering etter dagens system.
5. I Hordaland vert fire anlegg ved Sollsviksundet foreslått fjerna. Om dette vert gjennomført må eventuelle tap kompenseras.
6. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra i drøfting om grensesetting for produksjonssonene. Vi kan ikkje tilrå produksjonsområde 2 og 3 slik dei er skildra i høyringsnotatet.
7. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at dei særskilte reglane for Hardangerfjorden vert oppretthaldne til ein ser om det nye regelverket verkar etter målsetjinga.

8. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om oppheving av taket på tal lokalitetar som kan knytast til eit løyve.

PS 257/16 Søknad med konsekvensutgreiing for Løkjelsvatn kraftverk i Etne kommune. Fråsegn

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygging av Løkjelsvatn kraftverk. Utbygginga er i samsvar med mål om auka produksjon av regulerbar, fornybar energi.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det av omsyn til laksefisk vert ei formalisert minstevassføring i Sørrelva på 1,5 m³/s heile året. I anleggsfasen må ein etablera tiltak som reduserer fare for tilførsel av finstoff og metall til elv og innsjø.
3. Hordaland fylkeskommune vil komme med fråsegn straks undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 er oppfylt. Tiltakshavar er underretta om at planane må reviderast, eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom heile eller delar av massedeponi og riggområde kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.
4. Hordaland fylkeskommune vurderer som vassregionmyndigheit at utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk ikkje vil svekkje tilstanden i vassførekomstane ytterlegare enn dagens situasjon. Det er ikkje nødvendig å bruka vassforskrifta § 12 i saka.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.10.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygging av Løkjelsvatn kraftverk. Utbygginga er i samsvar med mål om auka produksjon av regulerbar, fornybar energi.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det av omsyn til laksefisk vert ei formalisert minstevassføring i Sørrelva på 1,5 m³/s heile året. I anleggsfasen må ein etablera tiltak som reduserer fare for tilførsel av finstoff og metall til elv og innsjø.
3. Hordaland fylkeskommune vil komme med fråsegn straks undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 er oppfylt. Tiltakshavar er underretta om at planane må reviderast, eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom heile eller delar av massedeponi og riggområde kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.
4. Hordaland fylkeskommune vurderer som vassregionmyndigheit at utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk ikkje vil svekkje tilstanden i vassførekomstane ytterlegare enn dagens situasjon. Det er ikkje nødvendig å bruka vassforskrifta § 12 i saka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygging av Løkjelsvatn kraftverk. Utbygginga er i samsvar med mål om auka produksjon av regulerbar, fornybar energi.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det av omsyn til laksefisk vert ei formalisert minstevassføring i Sørrelva på 1,5 m³/s heile året. I anleggsfasen må ein etablera tiltak som reduserer fare for tilførsel av finstoff og metall til elv og innsjø.
3. Hordaland fylkeskommune vil komme med fråsegn straks undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 er oppfylt. Tiltakshavar er underretta om at planane må reviderast,

eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom heile eller delar av massedeponi og riggområde kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

4. Hordaland fylkeskommune vurderer som vassregionmyndigheit at utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk ikkje vil svekkje tilstanden i vassførekomstane ytterlegare enn dagens situasjon. Det er ikkje nødvendig å bruka vassforskrifta § 12 i saka.

PS 258/16 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 242 - 259/16. Røystinga i PS 242 og 256/16 vart gjort på slutten av møtet.

I samband med behandling av PS 259/16 «Nye ferjekontraktar - Tildeling rutepakke 1» bad **Aud Karin Oen (SV)** fylkesordføraren om følgjande:

«Fylkesutvalet ber om at det vert utarbeidd ein uttale til Stortinget vedkomande nye ferjekontraktar, der ein ber om at staten tek sitt ansvar.»

OPEN TIME

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål til fylkesordføraren:

«Kan fylkesordføraren gjera greie for kva denne endringa i skuleskysreglementet inneber og kor mange elevar det gjeld. Er dette politisk handsama?»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Endring i reglementet for skuleskys

Det er frå hausten 2016 gjort nokre mindre endringar i Hordaland fylkeskommune sine retningslinjer for kva som kjem under retten til skuleskys for elevar i vidaregåande skule. Endringane gjeld opplæring som er lagt til annan stad enn skulen samt endringar for elevar som bur vekke frå heimen i samband med praksisplass. Dette er transport som ikkje er omfatta av kva fylkeskommunen er lovpålagt etter opplæringslova. Endringane som er gjort er i samsvar med praksis i dei fleste andre fylkeskommunane i landet. Skuleskys er i opplæringslova definert som eleven sin daglege reise mellom heim og skole avgrensa til skulen sitt geografiske område.

Endringar for opplæring som er lagt til annan stad enn skulen

Om skulen vel å legge delar av opplæringa til andre stader enn sjølve skulen og dette medfører trong for transport, så vert ikkje dette lenger rekna som skuleskys og kostnadsdekkja som dette. Døme på transport i samband med opplæring lagt til andre stader enn sjølve skulen kan vere ekskursjonar, kinodag osv. Det vert framleis rekna som skuleskys om obligatorisk opplæring vert lagt til andre stader enn skulen, som for eksempel yrkesfagleg fordjuping og annen praksisopplæring, jf. presiseringar til opplæringslova §7-2.

Endringar for elevar som bur vekke frå heimen i samband med praksisplass

Før hausten 2016 har det vore praksis at for elevar i vidaregåande skule som har praksisplass i eit anna geografisk område har fått godtgjering som ein del av skuleskyssen for anten

- A. Ei tur/retur reise mellom heim og praksisstad, eller
- B. Dagleg skyss mellom bustad på praksisstad og praksisplassen når avstanden er over 6000 m

Frå og med skuleåret 2016/2017 er punkt A over teke vekk frå Hordaland fylkeskommune sitt skuleskysreglement. Retten etter punkt A har vore nytta av funksjonsfriske elevar som vel praksisutplassering i andre delar av landet, og som har fått dekt til dømes flyreisa tur/retur mellom heim og praksisstad i samband med praksisutplassering. Skyss til dagleg undervisning i tilrettelagt bedrift er framleis under retten til skuleskys og slik transport vert dekkja som del av skuleskyssen. Då dette er ei tilpassing til opplæringslova sine reglar har det ikkje vore lagt fram som politisk sak.»

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn spørsmål til fylkesordføraren der ho bad om å få ei kort orientering om dette oppslaget 19.10.2016 i Bergensavisen: «[Heller ikke fylket vil sette av penger til Sentralbadet](#)». Fylkesordføraren opplyste at Hordaland fylkeskommune har gjort vedtak om forprosjekt for å få vurdert

konsekvensar. Fylkesvaraordføraren orienterte frå møte med m.a. statssekretær og politisk rådgjevar i Kulturdepartementet og møte med Hordalandsbenken på Stortinget om problemstillinga.

Pål Kårbø (KrF) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Hordaland fylkeskommune er med på ulike måtar i samband med utviklinga av store samferdselsprosjekt, gjennom pådrivarselskap, kontaktutval m.m.

Historisk var dette gjort m.a. av di dei ulike pådrivarselskapa i ettertid, ofte vart gjort om til innkrevingsselskap. No er det nye Sørvest Bompengeselskap AS kome i funksjon og dette har difor endra seg.

Fylkesutvalet ber rådmannen foreta ein gjennomgang på korleis dei ulike fasane i store samferdselsprosjekt er organisert, og koma attende med ei melding eller sak på dette.»

Røysting

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Silje Hjemdal (Frp) «etterlyser svar på spørsmål om driftsutfordringer for Bybanen som var lovet i oktober.»

Silje Hjemdal (Frp) «ønsker at fylkesutvalget inviterer fylkeseldrerådet til en orientering for fylkesutvalget. Det er ønskelig at de forteller om sitt arbeid og samarbeid med Hordaland fylkeskommune.» Fylkesordføraren svarte at dette vil verte gjort.

Silje Hjemdal (Frp) «ønsker en orientering til fylkesutvalget der det redegjøres for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid knyttet til å beholde status som UNESCO Creative City of Gastronomy. Fint om vi får en statusmelding.» Fylkesordføraren vil be fylkesrådmannen om å leggje fram slik status.

Aud Karin Oen (SV) spurde om fylkesutvalet kan verte orientert om tema og resultat frå den politiske leiinga sine møte sentralt. Fylkesordføraren vil vurdere dette.

Aud Karin Oen (SV) viste til at det ligg høyring om etablering av Vestlandsregionen på www.hordaland.no. I vedlegget «Handsaming av intensjonsplanen i fylkestinget 05.10.» sakna Oen protokollmerknaden ho kom med til saka i fylkesutvalet 04.10.2016 (PS 236/16). Protokollmerknaden frå fylkesutvalet skulle vore lagt inn i vedlegget.

Aud Karin Oen (SV) spurde om mobbeombodet kan kome til fylkesutvalet og orientere om arbeidet sitt.

PS 259/16 Nye ferjekontraktar - Tildeling rutepakke 1

Forslag til vedtak

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele ferjekontrakt for rutepakke 1 til Fjord1 AS.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere ferjekontrakt for rutepakke 1 med Fjord1 AS.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele ferjekontrakt for rutepakke 1 til Fjord1 AS.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere ferjekontrakt for rutepakke 1 med Fjord1 AS.